



Brannfolka henta vatnet frå Uskedalselva under brannen i Skårhaug. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Brannen i Skårhaug tysdag var avslørande: Det er stor trong for ein brannhydrant i området slik at ein kan komma raskare ut med slangar. Under denne brannen satsa dei utelukkande på slangar frå elva.

Denne bokstaveleg tala brennaktuelle saka vart teke opp av Jan Henrik Hansen under møtet i Gamleskulen tysdag kveld om det vidare arbeid i Uskedalen Utvikling etter at Bygdeutviklingsprosjektet er gjennomført..

UU-leiar Jeanette Guddal meinte at Skårhaug Vel skulle ta kontakt med kommunen om saka – med støtte frå Uskedalen Utvikling. Ho hadde her gode erfaringar å vise til i samband med høgspenlinje-saka. Prosjektleiar Kristian Bringedal så for seg ei fellesmøte mellom alle aktørane – også kommunen, brannroppane i Uskedalen og Rosendal og vassverket. Men Kåre Guddal meinte det var ei kommunal oppgåva å få på plass ein hydrant.

Audun Eik, som deltok i slokkinga i Skårhaug, innrømte at det hadde vore "veldig bale" med slangane under brannen. Han trudde likevel ikkje at det hadde vore mogeleg å berga huset sjølv med raskare og nærare vassforsyning.

Det hadde allereie brent lenge då brannroppane kom. Røykdykkarane freista å gå inn, men det var for varmt og dei måtte trekkja seg attende.

Dei hadde med seg vatn i bil frå Rosendal og stort sett låg det tre slangar opp frå elva.

Tilsaman var 17 mann med i slokkingsarbeidet – 10 frå Rosendal og sju frå Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen



Jan Henrik Hansen (lengst til venstre) tok opp brannberedskapen i Skårhaug under møtet i Gamleskolen tysdag kveld. Vidare mot høyre sit Gunnar Myklebust, Henrik Lyse, Audun Eik og Kåre Guddal.(Foto: Ola Matti Mathisen)